

Instruks for klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

Styret for Fagskolane i Hordaland opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personleg vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10, og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt studentreglementet for Fagskolane i Hordaland.

Den lokale klagenemnda for Fagskolane i Hordaland skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og innpassing, formelle feil ved eksamen mm.). Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassing og fritak. Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styret etter §§ 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

I saker der ein av fagskulane er underinstans skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg belyst. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.